

# Vedtekter og retningslinjer for kraftfondet

## Innholdsliste

§1	Heimel, Kapital og Avkastning .....	1
§2	Formål.....	1
§3	Støtteformer .....	2
§4	Støttevilkår.....	2
§5	Tilhøve til internasjonale forpliktingar på støtteområdet.....	4
§6	Forvaltning.....	4
§7	Årsmelding og rapporteringsplikt.....	4
§8	Godkjenning av vedtekter .....	4

## §1 Heimel, Kapital og Avkastning

Fondskapital:

Næringsfond på kr 12 mill., innbetalt av Staten ved Statkraft i medhald av pkt. 8 i konsesjonsvilkåra for Ulla Førre, oppretta ved kongelig resolusjon av 13 september 1974.

Fondskapitalen kan berre nyttast til lån, også ansvarlege lån og/eller avsetjast til garantifond.

Avkastninga er:

Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av Statkraft i medhald av pkt.2 i konsesjonsvilkåra for Ulla Førre og konsesjonsavgifter innbetalt av Lyse Kraft i medhald av konsesjonsvilkår for utbyggingar av Årdalsvassdraget.

Renter og anna avkastning av fondskapitalen.

Avkastninga kan nyttast til tilskot og lån på visse vilkår.

## §2 Formål

Kraftfondet skal fortrinnsvis nyttast til næringsføremål, bedriftsstøtte, tilrettelegging for næringsutvikling i regi av kommunen, stadsutvikling, ulike typar utviklingsarbeid med meire. Fondet kan også nyttast til kommunale investeringar i varige driftsmidlar.

Prosjekt som medverkar til å betra sysselsetjinga for kvinner og ungdom bør prioriterast.

Fondsmidlane kan ikkje nyttast til å dekkje løpande drift av kommunen, bortsett frå renter og avdrag på investeringar som er gjort i tråd med føremålet til fondet. Unntak er også avlønningar av næringssjef eller tilsvarande for å forvalte fondet.

Det kan heller ikkje givast støtte til bedrifter for å dekkja avdrag og renter på lån eller løpande drift.

Det bør ikkje gis støtte til verksemder som får store overføringar over statsbudsjettet.

## §3 Støtteformer

Støtte kan gis i form av lån og tilskot.

Midlane kan ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter. Dersom det teiknast kommunale aksjer kan dei ikkje utgjera meir enn 30% av aksjekapitalen i bedrifta. Denne avgrensninga gjeld ikkje utviklingsselskap, utleiebygg og liknande som kommunen etablerar i samarbeid med private interessentar.

Vidare vil det kunna stillast garanti for kommunale tiltak i den grad slike er gyldige garantiformål etter § 51 i kommunelova, jamfør departementet sine førsegner om kommunale garantiar. I tillegg kan det frå avkastninga givast tilskot og dessutan lån på vilkår.

## §4 Støttevilkår

Samla finansiering frå fondet til private næringstiltak skal som hovudregel ikkje overstiga 50% av det totale kapitalbehovet for eit prosjekt. Ved prosjekt av særleg betydning for kvinner og ungdom og ved nyetableringar, kan det givast inntil 75% finansiering.

Maksimal støtte (tilskot og eventuelt subsidieelement i lån med nedsett rente) skal vera avgrensa til, og liggja innafor, ei maksimumsgrense på kr 600 000,- til eit og same føremål i ei og same verksemd i ein treårsperiode. Verksemder som mottek støtte pliktar å opplysa om at støtte er motteke frå kraftfondet, ved søknader om eventuelle ytterlegare støtte av offentlege midlar innan utløpet av treårsperioden (det visast til EØS- avtalens regelverk for offentleg støtte, reglane for bagatellmessig støtte (des minimis)). Det bør ikkje gis støtte til verksemder som mottek betydelige overføringar over statsbudsjettet.

- Årleg budsjettramme for ordninga støtte til næring er kr 1 500 000,- .
- Det kan søkjast om støtte innan 20. august kvart år.
- Frist for utbetaling av løyvd tilskot er 2 år etter at søkjar har motteke melding om løyving. Det kan søkjast om utsett frist dersom det er behov for lenger tid for å få fullført tiltaket det er løyvd tilskot til.
- Det kan ikkje søkjast som støtte til gjennomførte tiltak. Det må søkjast om støtte før tiltaket blir sett i gong, men søkjar kan på eigen risiko starte opp arbeidet med tiltaket før søknaden er ferdig behandla.
- Føringar elles for støtte til nybygg eller ombygging av driftsbygning i landbruket:
  - Ombygging frå båsfjos til lausdrift for mjølkeproduksjon skal ha prioritet i perioden 2024-2027.
  - Det kan støttast med inntil 10% av godkjend kostnadsoverslag (eks mva) for ombygging og nybygging driftsbygningar. Tilskot frå Innovasjon Norge (IN) og kommunal næringsstøtte kan til saman bli maks inntil 50%.
  - Søknad om kommunal næringsstøtte kan behandlast av fondstyret (formannskapet) etter at søknad om investeringstilskot frå Innovasjon Norge er ferdig handsama.
- Føringar for støtte til investeringar i eigedom og bygningar:
  - Det kan ikkje gis støtte til kjøp av eigedom.
  - Det kan ikkje gis støtte til investering i bygningar til reiselivsføremål dersom desse ikkje er ein del av eit reiselivsanlegg, og/eller lett kan takast i bruk til andre føremål.
- Tilskot til naudstraumsaggregat:
 

Det kan bli gitt støtte til innkjøp av naudstraumsaggregat for samfunnskritiske verksemder som landbruksføretak og nærbutikker på desse vilkår:

  - Kr 5.000 i tilskot per innkjøpt naudstraumsaggregat. Kvart føretak kan berre motta tilskot ein gong. Det vert ikkje gjort skilnad på om aggregatet er traktordrive, eller drive av eigen dieselmotor.
  - Søkjarar må oppfylla vilkåra for mottak av produksjonstilskot (gjeld landbruksføretak), og ha verksemda lokalisert i Hjelmeland.
  - Aggregatet må ha storleik som dekkjer straumforbruket i dei aktuelle driftsbygningane på bruket, og bygningane til verksemda.
  - Naudstraumsaggregat må kunne vere tilkopla det elektriske anlegget på bruket/verksemda.
  - Tilskotet gjeld naudstraumsaggregat for profesjonell bruk. Det vert ikkje løyvd tilskot til aggregat med innkjøpspris under kr 20.000 eks. mva.

Det vert løyvd tilskot til aggregat innkjøpt frå 19.02.2026 og ordninga gjeld for 2026 og 2027

## §5 Tilhøve til internasjonale forpliktingar på støtteområdet

Bruken av fondet må vera i samsvar med dei internasjonale regelverk som Noreg har slutta seg til på statsstøtteområdet.

## §6 Forvaltning

Ved forvaltning skal det leggjast vekt på låg finansiell risiko og høg likviditet. Renter og avdrag bli tilbakeførte til fondet.

Formannskapet er fondsstyre. Det er høve til å delegera avgjersrett frå fondsstyre til kommunedirektøren innanfor nærare gitt fullmaktsgrense.

Fondsmidlene skal setjast på renteberande konto, slik at midlene er disponible til ei kvar tid.

For rett til å klage over vedtak, gjeld reglane i Forvaltningslova.

## §7 Årsmelding og rapporteringsplikt

Det skal kvart år leggjast fram for kommunestyret ei melding om verksemda til fondet. Kopi av denne meldinga skal sendast Statsforvaltaren og Rogaland fylkeskommune.

## §8 Godkjenning av vedtekter

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av Statsforvalteren. Kopi av godkjente vedtekter skal sendast Rogaland fylkeskommune.